

# FORNUFTIG RIFLE

Denne nye rifla frå Bergara B 14 er ei klassisk, enkel jaktrifle – utan noko som helst av moderne påfunn.



**FOR DEI FLESTE** norske jegerar er nok Bergara eitt nytt bekjentskap. Om ein skal samanlikne nye Bergara B14 med kjente jaktrifler, er Remington 700 heilt klart nærast. Utvendig er forskjellen at B14 har boltløysaren på venstre side av låskassen, 700 inne i avtrekkerbøylen. Ladegrepet på testrifla, som er ei av dei første ut frå fabrikk, er glatt og lett – heilt i klasse med det meste av atskillig meir kostbare rifler

**B14 HAR KLOUTTREKKER** i høgre låseklakk, dette i motsetning til 700-ens klipsutdrager som ikkje alle likar – sjølv om den fungerer like godt som det meste anna. Ved demontering viser det seg og at Bergara har adoptera rekylklakken frå Remington 700 – rett nok felt inn i låskassehals, men likevel enkel og solid. Magasinet er fast med hengsla magasinbotn og tar fire patroner. Med fem patroner i magasinet er det ikkje plass nok til

å få fram sluttstykket over den, derfor tar testrifla 4+1 patroner. Andre ting som bør nemnast er at B14 kjem ferdig gjenga 14-1 for demper, alt metall er svart og at B14 Synth har svart plastskjefte.

**AV FØRSTE INNTRYKK** er nok plastskjeftet det eg er mest skeptisk til, dette på grunn av litt varierende erfaring med tilsvarende skjefte på andre rimelege rifler. Det er slett ikkje alltid like enkelt å få ut presisjonspotensialet rifla har med slike skjefte. Og så kolbekappa, som er mjuk og god, men slett ikkje spesielt stilig. Utan at det betyr noko som helst for skyting med rifla, men likevel. Og ja, avtrekket – det var svært lett. For lett til å passe i ei jaktrifle etter min mening. Men etter dei nyaste opplysningane eg har fått kjem dei neste B14 i produksjon med anna avtrekk – helst reint og fint med avtrekksvekt rundt kiloen.

**DERMED OVER TIL SKYTING** med Bergara B14, der dei første seriane rett og slett var ein skuffelse. Eg hadde venta små samlingar frå Bergara, som vel først og fremst er kjent for presisjonsløp. Skytinga starta med 308 Win Lapua Scenar matchpatroner. Fem skot innanfor seks – sju cm på 100 meter skyteavstand er godt nok til det meste av storviltjakt, men ikkje spesielt preist. Når ikkje Lapua Scenar gav god presisjon såg eg ingen grunn til å prøve andre patroner, men heller demontere rifla for å prøve å finne ein eller annan feil. Om dette var min rifle ville eg bedda plaststokken før skyting, men den er ikkje min og skal testast slik den kom frå fabrikk. Eller nesten slik, for det visa seg at anleggflatane mellom mekanisme og plaststokk var godt og vel innsausa med olje, den vart turka vekk for å få systemet så stabilt som råd er. Etterpå vart skjefteskruane stramma godt til.

OM DET VAR på grunn av oljefjerning og tilskruing eller anna veit ikkje eg, men samlingane vart brått mindre etter demontering. På nytt var fabrikkkladd Lapua Scenar først ut av testpatroner, og sjølv om testrifla heilt klart lika 167 grs Scenar best, gav alle rimeleg god presisjon. Jaktpatronene samla og meir enn godt nok til storviltjakt. Mesteparten betre enn 30 mm på treskotsseriane, og dei eg hadde nok av til å teste med femskotsseriar, gav og heilt fint resultat. Likevel var det litt forskjell frå serie til serie, både i samling og i treffpunkt med forskjellig kulevekt.

FOR Å PRØVE om varmskyting virka inn på presisjon og treffpunkt, vart siste test å starte med heilt kald rifle og så skyte fire femskotsseriar på seks minutt med 168 grs Norma Diamond Line og 47 grs N 550. Det enda med femskot på 26 – 29 – 19 og 22 mm, ingen forandring i treffpunkt og like god presisjon varm som kald. Sjølv om testskytinga starta med litt presisjonsproblem er Bergara B14 ei enkel, grei jaktrifle til fornuftig pris, og heilt klart ein ny, sterk utfordrar i prisklassen under 10 000 kroner.



## BERGARA B14

**Pris:** B14 Synth kr 7990, med treskjeft kr 9690

**Vekt:** 3,24 kilo

**Løp:** 22"/56 cm løp, 53,8 cm inn til låskassehals, 16,5 mm ved munning

**Totallengde:** 106 cm

**Annet:** Direkte avtrekk 0,7 kilo, plaststokk med handfylling i pistolgrep. Fast magasin med hengsla magasinlukk for 4 patroner

**Kaliber:** 243 Winchester, 270 Win, 308 Win, 30-06, 7 mm Remington Magnum og 300 Winchester Magnum

**Importør:** Pedersens Vaabenlager AS/  
www.pvas.no/

*Bergara B 14 er temmeleg lik Remington 700, eitt eksempel på det er stor og solid rekyklakk.*



- + Pris
- Plastskjeftet og litt varierende presisjon
- = Enkel, grei jaktrifle med like grei pris



## TESTSKYTING - FABRIKKLADD

Bergara B 14 308 Winchester med Swarovski Z 6 1,7-10x42 og Hausken SD 228. Frå skytebenk, skyteavstand 100 meter, hastighet og samling er gjennomsnitt av minst to seriar, dei fleste av tre seriar.

FABRIKKLADDE PATRONER:	HASTIGHET:	3 SKOT:	5 SKOT:
Lapua Scenar 155 grs	840 m/s	30 mm	55 mm
Lapua Scenar 167 grs	800 m/s	18 mm	23 mm
Lapua Scenar 175 grs	765 m/s	22 mm	38 mm
Lapua Scenar 185 grs	732 m/s	22 mm	40 mm
Norma Golden Target 150 grs	776 m/s	15 mm	23 mm
Norma Jaktmatch 150 grs	783 m/s	23 mm	40 mm
Sako Range 8 g FMJ	908 m/s	20 mm	29 mm
Hornady Superf. 150 grs InterBond	886 m/s	28 mm	-
Federal Trophy Copper 150 grs	831 m/s	29 mm	35 mm
Federal Trophy Copper 165 grs	771 m/s	37 mm	-
Federal TBT 165 grs	806 m/s	36 mm	-
Federal TBT 165 grs High Energy	833 m/s	17 mm	26 mm
Lapua Mega 12 g	750 m/s	17 mm	26 mm
Lapua Naturalis 11 g	769 m/s	22 mm	27 mm
Norma Oryx 11,7 g	758 m/s	31 mm	-
RWS ID Classic 9,7 g	831 m/s	20 mm	30 mm



## TESTSKYTING - HEIMELADD

HEIMELADD:	KRUT:	VEKT:	HASTIGHET:	3 SKOT:	5 SKOT:
Hornady A-Max 168 grs	N 150	42 grs	764 m/s	18 mm	31 mm
Norma Diamond Line 168 grs	N 150	42 grs	751 m/s	18 mm	21 mm
Norma Diamond Line 168 grs	N 550	47 grs	787 m/s	-	24 mm
Norma Oryx 165 grs	N 550	47 grs	813 m/s	30 mm	45 mm
Nosler AccuBond 165 grs	N 550	47 grs	803 m/s	40 mm	64 mm
Swift Scirocco 165 grs	N 550	47 grs	824 m/s	43 mm	88 mm

*Sluttstykke med to låseklakkar, pinneutstøytar og utdragar i høgre låseklakk.*

